

Protokoll møte 01.2026 i generalforsamlinga i Sogn Sparebank

Møte i generalforsamling i Sogn Sparebank vart halde ved Blix Hotel i Vik i Sogn, samt ved elektronisk deltaking via teams onsdag 15.04.2026 kl. 18:00.

Følgjande saker vart handsama:

Sak 01.2026 Opning

Leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim opna møte i generalforsamlinga.

a) Namneoppnop

Sekretær i generalforsamlinga føretok namneoppnop, sjå vedlagt frammøteprotokoll.

Vedtak:

Namneoppnopet synte at det var 20 medlemar og 1 varamedlem av generalforsamlinga med stemmerett, og generalforsamlinga er med dette vedtaksføre.

I tillegg var 5 styremedlemar til stades i møte. Frå administrasjonen deltok adm. banksjef, ass. banksjef, økonomiansvarleg, leiar kommunikasjon og HR, og sekretær for generalforsamlinga.

b) Godkjenning av innkalling og sakliste

Møte er innkalla etter §8-3 i finansføretakslova, og innkallinga vart sendt til medlemane og varamedlemane i generalforsamlinga 19.03.2026. I følgje banken sine vedtekter § 3-8, og lova om finansføretak og finanskonsern (finansføretakslova) skal generalforsamlinga i føretak som ikkje er organisert som aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, innkallast av styret. I følgje banken sine vedtekter § 3-8 skal innkallinga med saksvedlegg sendast medlemane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Innkallinga til medlemane i generalforsamlinga er difor innanfor fristen som angitt ovanfor.

Vedtak:

Det er ingen merknad til innkallinga, og saklista vart samrøystes godkjent. Møtet er lovleg sett.

Sak 02.2026 Val av møteleiar

Generalforsamling gjorde framlegg om at leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim vart vald til å leia møtet.

Vedtak:

Leiar i generalforsamling, Roy Egil Stadheim, vart valt til å leia møte.

Sak 03.2026 Val av to til å underskrive møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Krister Sveen Solheim og Anne Mårdalen, til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Vedtak:

Krister Sveen Solheim og Anne Mårdalen vart valde til å underskrive møteprotokollen saman med møteleiar.

Sak 04.2026 Val av to til å vere teljekorps

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Bjarne Engum og John Valsvik til teljekorps.

Vedtak:

Bjarne Engum og John Valsvik vart valde til teljekorps.

Sak 05.2026 Årsoppgjer for 2025

a) Rekneskap 2025

Adm. banksjef Mads A. Indrehus refererte hovudtala i rekneskapen og orienterte om drifta til banken. Han viste ei oversikt over den økonomiske utviklinga i banken.

b) Årsmelding frå styret 2025

Styreleiar Atle Terum presenterte hovudpunkta i styret si årsmelding.

c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2025

Styreleiar Atle Terum las opp stadfestinga frå styret og dagleg leiar 2025.

d) Eigarstyring og selskapsleiing

Styreleiar Atle Terum la fram rapporten: Eigarstyring og selskapsleiing frå styret 2025.

e) Revisjonsmelding 2025

Styreleiar Atle Terum la fram revisjonsmeldinga.

f) Årsoppgjersdisposisjonar

Styret tilrådte generalforsamlinga å disponere årsresultatet 2025 som følgjer:

Disponering av årsresultat

Årsresultat etter skatt	113 067
Utbytte EK bevis	13 915
Utjæmningsfondet	388
Gåveutdeling	79 011
Sparebanken sitt fond	19 753

Styret tilrådte generalforsamlinga å betale ut NOK 22,- i utbytte pr. eigenkapitalbevis for 2025.

Styret ba generalforsamlinga om fullmakt til å disponerer og dele ut avsette gåvemidlar NOK 9.876.000,- i samsvar med § 6-1 i banken sine vedtekter:

Gåver skal fordelast med 34,2 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,41 % innanfor Vik kommune og 39,39 % innanfor Aurland kommune. Dette skal ikkje vere til hinder for tildeling av inntil 40 % av gåvemidlane til allmennyttige føremål i omkringliggjande områder der banken utøver forretningsverksemd eller ynskjer å marknadsføre seg.

Vedtak:

Generalforsamlinga handsamar styret sitt framlegg til årsrekneskap med notar, styret si årsmelding for 2025 med hovudprinsipp for godtgjersle til leiande tilsette, og utgreiing om eigarstyring og selskapsleiing. Revisor si melding vart gjennomgått. Generalforsamlinga fastset banken sitt resultatrekneskap og balanse for 2025 i samsvar med innstilling. Generalforsamlinga vedtek framlagd disponering av årsresultat for 2025 i samsvar med styret si tilråding.

Sak 06.2026 Godtgjersle til revisor

Styremedlem og leiar for revisjons- og risikoutvalet Olav Vikøren gjorde greie for revisjonsrekninga i 2025.

Vedtak:

Honorar vert godkjent etter framlagd rekning.

Sak 07.2026 Fullmakt til å erverve egne eigenkapitalbevis

Adm. banksjef Mads A. Indrehus la fram saka.

Styret ba generalforsamlinga å fornye fullmakta til å erveve egne eigenkapitalbevis.

Vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å erverve eigne eigenkapitalbevis under følgjande vilkår:

1. Fullmakta er avgrensa til maksimalt 3 % av eigenkapitalbevis med pålydande verdi på NOK 50, totalt pålydande NOK 948.750. Totalt tal eigenkapitalbevis i Sogn Sparebank pr. dags dato er 632.500 stk.
2. Kjøpesummen skal vere mellom NOK 250 og NOK 350 per eigenkapitalbevis. Alt sal skal skje over Oslo Børs.
3. Styret har elles friheit til å erverve og avhende eigne eigenkapitalbevis.
4. Eigenkapitalbevis erverva i samsvar med fullmakta kan berre nyttast til overføring til tilsette i Sogn Sparebank som ledd i banken sin spareordning for tilsette godkjent av styret. Eventuelle overskytande eigenkapitalbevis etter overføring til tilsette kan seljast på marknaden.
5. Fullmakta gjeld frå generalforsamlinga si avgjersle om å tildele fullmakta og fram til ordinær generalforsamling i 2027, seinast 30. april 2027.
6. Fullmakta er betinga av godkjenning frå Finanstilsynet, og skal registrerast i Føretaksregisteret.

Sak 08.2026 Vedtektsendringar

Styret kom med framlegg om å fjerne kapittel 7 Aldersgrense i banken sine vedtekter. Bakgrunnen for dette er lovendring frå 01.01.2026 der aldersgrensa i arbeidslivet vart endra frå 70 år til 72 år, jamfør § 15-13 a nr. 1 i Arbeidsmiljølova.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek endring av vedtekter der kapittel om aldersgrense vert fjerna.

Sak 09.2026 Endring instruks for banken si valnemnd

Leiar i banken si valnemnd, Marta Sofie Vange, går gjennom framlegg til ny instruks for banken si valnemnd. Bakgrunnen er endringar i banken sine vedtekter på generalforsamlinga i 2024 der dei lokale valnemndene vart avvikla, og at oppgåvene er flytta over på banken si valnemnd.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek ny instruks for banken si valnemnd.

Sak 10.2026 Retningslinjer for godtgjering

Styreleiar Atle Terum gjekk gjennom retningslinjene. Desse har ikkje vore revidert etter førre generalforsamling.

Vedtak:

Generalforsamlinga tek retningslinjene til vitande.

Sak 11.2026 Rapportering av godtgjersle til leiande personale i Sogn Sparebank

Styreleiar Atle Terum la fram rapport med revisjonsmelding.

Vedtak:

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 12.2026 Val av revisor

Styremedlem og leiar for revisjons- og risikoutvalet Olav Vikøren går gjennom bakgrunnen for og prosessen kring val av ny revisor.

Vedtak:

Generalforsamlinga vel Deloitte som banken sin eksternrevisor.

Sak 13.2026 Satsar for godtgjersle

Leiar i banken si valnemnd, Marta Sofie Vange, legg fram valnemnda sitt framlegg til satsar for godtgjering. Valnemnda tilrådte generalforsamlinga å vedta framlagde satsar for godtgjersle til tillitsvalde i Sogn Sparebank.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtok framlagde satsar for godtgjering av tillitsvalde i Sogn Sparebank.

HONORARSATSAR SOGN SPAREBANK	Gjeldande satsar:	Framlegg:
Gjeld frå:	09.04.2025	15.04.2026
Generalforsamling		
Leiar	15.750	16.459
Nestleiar i generalforsamlinga pr. møte	1.764	1.843
Medlem pr. møte	1.764	1.843
Varamedlem pr. møte	1.764	1.843
Styret		
Leiar	168.000	175.560
Nestleiar i styret	115.500	120.698
Medlem	94.500	98.753
Varamedlem pr. møte	5.775	6.035
Revisjons- og risikoutval		
Leiar fast	52.500	54.863
Medlem fast	31.500	32.918
Valnemnd		
Leiar pr. møte	3.528	3.687
Medlem pr. møte	1.764	1.843
Varamedlem pr. møte	1.764	1.843
Tapt arbeidsforteneste		
	Nei	Nei
Anna		
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. halv dag (til 4,0 timar)	3.150	3.292
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. > halv dag (frå og med 4,0 timar)	6.300	6.584
Reise/Diett		
	Bankens egne satsar	Bankens egne satsar

Sak 14.2026 Val i samsvar med lover og vedtekter

Leiar i banken si valnemnd, Marta Sofie Vange, gjorde greie for valnemnda si innstilling. Valet vart leia av leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim.

Vedtak:

STYRET

Styremedlem

På val:

1 medlem for perioden 2026-2027

(Aurland)

Atle Terum

1 medlem for perioden 2026-2027

(Uavhengig)

Tone Myklebust Kvåle

Innstilt:

1 medlem for perioden 2026-2027

(Aurland)

Atle Terum

1 medlem for perioden 2026-2027

(Uavhengig)

Tone Myklebust Kvåle

Til orientering:

Val av styremedlem blant tilsette i Sogn Sparebank i val 20.11.2025.

På val:

1 medlem for perioden 2026-2027

Marianne Sundal

Vart valt:

1 medlem for perioden 2026-2027

Leif Andresen

Varamedlem til styret

På val:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

(Årdal/Lærdal)

Anne Kathrin Hæreid

1 varamedlem for perioden 2026-2027

(Vik)

Gyda Bøtun

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

(Årdal/Lærdal)

Anne Kathrin Hæreid

1 varamedlem for perioden 2026-2027

(Vik)

Gyda Bøtun

Til orientering:

Val av varamedlem frå eigenkapitalbeveigarane i valmøte den 25.02.2026

På val:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

Magnus Johannesen

Vart valt:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

Magnus Johannesen

Suppleringsval av varamedlem frå dei tilsette i Sogn Sparebank, val den 20.11.2025, då varamedlem Leif Andresen vart valt inn som medlem.

Vart valt:

1 varamedlem for perioden 2026

Janne Skilbrei

STYRELEIAR**På val:**

Styreleiar for perioden 2026-2027

Atle Terum

Innstilt:

Styreleiar for perioden 2026-2027

Atle Terum

LEIAR I GENERALFORSAMLING**På val:**

Leiara generalforsamling for perioden 2026-2027

Roy Egil Stadheim

Innstilt:

Leiara generalforsamling for perioden 2026-2027

Roy Egil Stadheim

VALNEMND**Medlem****På val:**

1 medlem for perioden 2026-2027

(Vik)

Marta Sofie Vange

1 medlem for perioden 2026-2027

(Årdal/Lærdal)

Per Olav Lerøy

Innstilt:

1 medlem for perioden 2026-2027

(Vik)

Marta Sofie Vange

1 medlem for perioden 2026-2027

(Årdal/Lærdal)

Olav Grøtnebø

Varamedlem**På val:**

1 varamedlem for perioden 2026-2027

(Aurland)

Bjørn Ebne

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

(Aurland)

Regina Ådland

Suppleringsval:

Varamedlem av valnemnda Olav Grøtnebø er innstilt som medlem for perioden 2026-2027. Dersom han vert valt av generalforsamlinga må det gjennomførast suppleringsval for varamedlem for perioden 2026.

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2026

(Årdal/Lærdal)

Kristin Haug Hæreid

Til orientering:

Val av varamedlem til valnemnd av eigenkapitalbevisegarane i valmøte 25.02.2026

På val:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

Jan Olav Fretland

Vart valt:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

Jan Olav Fretland

Val av varamedlem til valnemnd av tilsette i val den 20.11.2025

På val:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

Catrin Hestetun Sandnes

Vart valt:

1 varamedlem for perioden 2026-2027

Catrin Hestetun Sandnes

Sogn, 15.04.2026

Møtet slutt kl. 18:54.

Roy Egil Stadheim
Leiar i generalforsamlinga

Kristen Sveen Solheim

Anne Mårdalen

FRAMMØTE PROTOKOLL GENERALFORSAMLING 15.04.2026

Generalforsamling

OFFENTLEG VALDE

MEDLEMER

Anita Lærum	Aurland
Anne Kauppi	Årdal
Olav Grøtnebø	Lærdal
Roy Egil Stadheim	Vik
Marta Sofie Vange	Vik

KUNDEVALDE

MEDLEMER

Bjørn Ebne	Aurland
Even Gundersen Vee	Årdal/Lærdal
Gunn Kirsti Offerdal	Årdal/Lærdal
Anne Mårdalen	Vik
Bjarne Engum	Vik

VARAMEDLEMER

Eva Lasstad	Aurland
-------------	---------

EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

MEDLEMER

Jan Olav Fretland
Knut Skår
Odd reidar Øie
John Valsvik
Kjell Arne Vigdal

TILSETTEVALDE

MEDLEMER

Robert Haugen
Catrin Sandnes
Britt Grov Helland
Britt Julusmoen Bakk
Krister S. Solheim

Styret

MEDLEMER

Atle Terum	Aurland
Olav Vikøren	Vik
Sindre Wergeland	EK-bevis
Marit R. Eldegard	Årdal/Lærdal
Tone Kvåle	Uavhengig
Marianne Sundal	Tilsette

Administrasjon

Mads Indrehus	Adm. banksjef
Gunnar Skahjem	Ass. banksjef
Anja Hautåker	Økonomiansvarleg
Ragnhid S. Tofastrud	Leiar kommunikasjon
Anette Huun Jevnaker	Sekretær

NAVN SIGNATAR	IDENTITET	TID	ELEKTRONISK ID
Solheim, Krister Sveen	UN:NO-9578-5993-4-3540201	15.04.2026 17:01:39 UTC	PersonBankID NO Qual. Sogn Sparebank

NAVN SIGNATAR	IDENTITET	TID	ELEKTRONISK ID
Mårdalen, Anne	UN:NO-9578-5995-4-744816	15.04.2026 17:02:11 UTC	PersonBankID NO Qual. Sogn Sparebank

NAVN SIGNATAR	IDENTITET	TID	ELEKTRONISK ID
Stadheim, Roy Egil	UN:NO-9578-5993-4-1152204	15.04.2026 17:02:12 UTC	PersonBankID NO Qual. Sogn Sparebank

- Dette er et PDF dokument digitalt signert i IN Groupe's E-Signing service.
- Dokumentet er integritetsbeskyttet ved at innholdet er signert og forseglet med et sertifikat utstedt til IN Groupe av en tiltrodd tredjepart. En validering av denne signaturen vil bekrefte at innholdet ikke har blitt endret etter signeringstidspunktet.
- For mer informasjon om dokumentformater, se <https://doc.ingroupe.com/developer>